



Notat

Dato: 02.11.2014
Arkivsak: 2014/22850-1
Saksbehandlar: karoen_

Til: Administrasjonsutvalet

Frå: Fylkesrådmannen

Oversyn over tilsette med innvandrabakgrunn i HFK

I sak 5/13 den 20.06.2013 la fylkesrådmannen fram ei meldingssak for administrasjonsutvalet med oversyn over tilsette med innvandrabakgrunn i Hordaland fylkeskommune. Tala var basert på statistikk frå Statistisk Sentralbyrå over arbeidsstyrken med omsyn til etnisk tilhørighet.

Vi har no teke ut ny statistikk frå SSB over tilsette med innvandrabakgrunn i Hordaland fylkeskommune. Talmaterialet er frå 4. kvartal 2013, to år etter første undersøking. Tala byggjer på første- og andre generasjonsinnvandrarakgrunn fordelt på to hovudgrupper av landbakgrunn: Landgruppe 1 (L-1) viser tilsette frå EU/EØS, USA, Canada, Australia og New Zealand (tidlegare kalla «vestlege land»). Landgruppe 2 (L-2) viser tilsette frå Asia, Afrika, Latin og Sør-Amerika, Oseania med unntak av Australia og New Zealand og Europa utanom EU/EØS (tidlegare kalla «ikkje vestlege land»).

Talet på tilsette med bakgrunn frå dei to landgruppene (L-1 og L-2) er 315 (274). Dette utgjør 6,8 % av arbeidsstyrken, ein auke på 0,8 % frå 4. kvartal 2011. Dei 315 tilsette fordeler seg med 162 (147) frå L-1 og 152 (127) frå L-2. Ser vi landgruppe 2 isolert er det positivt å merke seg at talet på tilsette har auka frå 127 til 152. Dette utgjør ein auke på 19,6 % frå 4. kvartal 2011.

Elles er det verd å merke seg at talet på tilsette i tannhelsetenesta med anna landbakgrunn enn etnisk norsk er på heile 12,7 %, herav 9,1 % frå landbakgrunn 2.

I opplæringssektoren er talet på tilsette frå landbakgrunn 2 på 101 tilsette. Dette utgjør 2,7 % av samla arbeidsstyrke. For fylkesadministrasjonen (inkl. eigedom drift) er talet på tilsette med anna landbakgrunn enn etnisk norsk på 10 personar (1 %), herav 5 frå landbakgrunn 2.

Konklusjon: Det har vore ei positiv utvikling i talet på tilsette med innvandrabakgrunn i HFK sidan 4. kvartal 2011. Både i tannhelsetenesta og i opplæringssektoren har talet auka jamnt.